

Planprogram

Kulturminneplan

Revidering av kommunedelplan for kulturminne 2015-2018



Foto: Elias Sperstad

Skjåk kommune



1. Bakgrunn og føremål

1.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet	3
1.2. Føremålet med planprogrammet	3
1.3. Føremål med planarbeidet	4

2. Rammer, planområde, avgrensing

2.1. Lovverk	4
2.2. Relevante nasjonale, regionale og kommunale mål	5
2.2. Kva er viktige kulturminne?	6
2.4. Utfordringar for kulturminnevernet	6
2.5. Prioriterte område i Skjåk	6

3. Planprosessen -deltakarar, medverknad og tidsfristar

3.1. Organisering av planarbeidet og deltagarar	7
3.2. Tidsplan	8

1. Bakgrunn og føremål

1.1. Generelt om bakgrunn for planarbeidet

Alle har eit felles ansvar for å ta vare på kulturminne, kulturmiljø og landskap for kommande generasjonar. Den offentlege forvaltninga har eit særskilt ansvar for å sikre at dei nasjonale måla for kulturminneforvaltning blir oppfylt. Gjennom bruk av Plan- og bygningsloven blir kommunane heilt sentrale i dette arbeidet.

Det er ei forventning frå Staten at kommunane registrerer og verdiset kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi og innarbeider desse i planar etter Plan- og bygningslova. Ein kulturminneplan vil vera eit godt verkty og gje eit solid grunnlag for arbeidet. Kommunedelplan for kulturminne vil sette temaet på den politiske dagsorden, og innarbeide det i større delar av kommunen si verksemد.

Planen bør og ha som mål å formidle kunnskap om kulturminne og verdien av desse. Planen vil og vera viktig for eigarar av kulturminne. Eit kulturminne si forankring i planen er viktig med tanke på stønadsordningar og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald. Vidare kan kulturminna nyttast til å skape høg kompetanse og gode opplevingar av både næringsliv, kultursektor og skulevesen.

I forvaltninga innan areal-, plan- og byggjesakar vil ein lettare kunne ta omsyn til kulturminneverdiane og gje ei meir effektiv handsaming. Kulturminneplanen er eit viktig dokument som skal vera styrande for kommunen si handsaming av sakar innan området.

I planen ynskjer ein å utgreie:

- kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast for ettertida før dei går tapt
- kva kulturminne som skal takast vare på
- kva tiltak som må settast i verk for at ein skal ta vare på kulturminne

1.2. Føremål med planprogrammet

Kommunedelplan for kulturminne i Skjåk kommune skal reviderast i 2015. Planen skal gjelde for 2015-2018. Etter Plan- og bygningslovens § 4-1 skal det, som eit ledd i varsling av planstart for kommunedelplanar, utarbeidast eit planprogram som legg grunnlaget for planarbeidet.

Arbeidet med planprogrammet er ein prosess der kommunen kjem fram til kva som er dei viktigaste problemstillingane knytt til kulturminne og kulturmiljø og kva som skal vere målet med planarbeidet. Ein skal og kome fram til prioriterte satsingsområde innan kulturminne.

Planprogrammet er eit fleksibelt verktøy for den tidlege fasen av planarbeidet og skal tilpassast den konkrete plansituasjonen og planbehovet. Som eit minimum skal planprogrammet gjere greie for formålet med planarbeidet, planprosess og medverknad.

1.3. Føremål med planarbeidet

Arbeidet med kulturminneplan og kulturminneregistrering skal bidra til:

1. Auka kunnskap og bevisstheit om kulturminneverdiane i kommunen
2. Oversyn og verdisetting av viktige kulturminne, kulturmiljø og landskap
3. Sikre kulturminne for ettertida
4. Sikre oppdaterte registreringar
5. Betre forvaltning av kulturminne blant anna gjennom Plan- og bygningslova
6. Å styrke bruken av kulturminne i den lokale samfunnsutviklinga både som kjelde til kunnskap og oppleving, og som grunnlag for verdiskaping
7. Utvikling og styrking av tilhøyrigheit og lokal identitet

2. Rammer, planområde, avgrensing

2.1. Lovverk

Plan- og bygningsloven

Planlegging etter Plan- og bygningsloven skal klarleggje gjeldande og framtidig arealutnytting i eit område og skal sikre både bruk og vern av areal. Loven er det viktigaste verktyet for å ivareta mangfaldet av kulturminner og kulturmiljø.

Som planmyndighet har kommunen ei sentral rolle i forvaltninga av kulturarven. Kommunen kan ved bruk av Plan- og bygningsloven sikre vern av kulturminner og kulturmiljø på to nivå:

- Kommuneplannivå, jf. § 11-8
- Reguleringsplannivå, jf. § 12-6

Kulturminneloven

§1 Formål

Kulturminne og kulturmiljø med deira eigenart og variasjon skal vernast både som del av vår kulturarv og identitet, og som ledd i en heilskapleg miljø- og ressursforvaltning.

Kulturloven

§1 Formål

Lova har til føremål å fastleggje offentlege styresmakters ansvar for å fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfold av kultiruttrykk.

Her under § 2

b) verna om, fremja innsikt i og vidareføre kulturarv.

2.2 Relevante nasjonale, regionale og kommunale mål

Nasjonale mål og føringar

Nasjonale miljømål om forvaltning av kulturminne er nedfelt i St.meld. nr 16/2004 «Leve med kulturminner», og i St.meld. nr 35/2013 «Framtid med fotfeste».

Mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og ivaretakast som bruksressursar og som grunnlag for oppleveling og vidareutvikling av fysiske omgjevnadar. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv som kunnskapsressursar og grunnlag for opplevelingar.

- Tapet av verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal minimaliserast. Innan 2020 skal det finnast oversikter over verneverdige kulturminne og kulturmiljø for kvar kommune som grunnlag for å prioritere eit utval som skal takast vare på.
- Eit utval av automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020.
- Freda bygningar, anlegg og party skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020.
- Planlegging i kommunar, fylker og regionar skal medverke til å hindre uynskt nedbygging av matjord og ivareta viktige kulturminne.

Frå regional kulturarvstrategi for Oppland 2015 – 2020

Overordna mål:

Kulturarven i Oppland skal vera sikra for framtidige generasjonar. Han skal gje oss identitet og tilhøyrigheit, vera høgt verdsett, og brukast som grunnlag for opplevelingar og verdiskaping

Strategiske mål:

1. Bevaring og sikring
Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal vera sikra og ha god tilstand.
2. Forvaltning
Kulturminneforvaltninga skal utøve ein effektiv, kunnskapsbasert og innovativ forvaltning.
3. Formidling
Interessa for og kunnskapen om kulturminne skal vera stor i Oppland.
4. Verdiskaping
Kulturarven skal vera blant dei viktigaste ressursane for verdiskaping i Oppland.

Frå kommuneplan for Skjåk kommune 2011-2020

Kulturminnepolitikk

Kommunen skal ha auga for å ta vare på både materielle og immaterielle kulturminne.

Riving / sal av eldre verneverdige bygningar og behandling av rivesaker for desse har vore konfliktfylt da kommunen ynskjer å ha desse som eit landskapselement.

Det er oppdaga skade på automatisk freda kulturminne (bl.a. elg/reinsgraver)

Det kan vara ynskjeleg å få til ein lokalitet for lagring evt. framsyning av gjenstandar - presentasjon av kulturminne og kulturminneytringar og eit kulturelt senter/"tun"

Mål

Skjåk kommune skal vere med å skape heimstadkjensle for innbyggjarane i Skjåk Kommune.

Vi skal styrke reiseliv og landbruk ved ymse tiltak og arbeide fram næringsskaping med bakgrunn i kulturminnevernet

Hovudstrategiar

Skjåk kommune skal:

- til kvar tid ha ein oppdatert kulturminneplan
- ta vare på den gamle vatningskulturen, jakt – og fangsttradisjonane og handverkstradisjonane

2.3. Kva er viktige kulturminne?

Det er opp til kommunane å avgjere kva som er viktige kulturminne i kommunen, og som skal omhandlast av kulturminneplanen. Utover det kan kulturminne også ha regional eller nasjonal verdi.

Kulturminne og kulturmiljø er viktige ressursar og verdiar i lokalsamfunnet. Kulturminne kan ha verdi om kjelde til kunnskap og opplevelingar, og som bruksverdi. Kva kunnskap skal kulturminnet gje oss, kva opplevelingar skal det gje oss, og kva kan vi bruke kulturminnet til?

2.4 Utfordringar for kulturminnevernet

For mange kulturminne og kulturmiljø forfell, blir øydelagt eller forsvinn. Det er behov for ei tydlegare verdisetting og prioritering av kulturminna, og for å få det til treng vi betre registreringar og oversikter som grunnlag. Kulturminne og kulturmiljø blir ikkje i tilstrekkeleg grad teke i bruk som ressurs i samfunnsutviklinga og av næringslivet.

Det er eit kontinuerleg behov for ressursar for å sikre kulturminne og kulturmiljø for ettertida før det er for seint. Svært mykje immaterielt kulturminnemateriale er i ferd med å bli borte.

2.4. Prioriterte områder i Skjåk

Gjennomgåande for heile planperioden er fokus på immaterielle kulturminne, og det vil bli lagt vekt på å fullføre tiltak og prosjekt som allereie er i gang sett. Å digitalisere kjeldematerialet for å gjera dette tilgjengeleg for flest mogleg, vil vera eit overordna mål.

Stadnamninsamling, filmatisering av gamle arbeidsmetodar og markering av år og hendingar er eksempel på tiltak ein vil ha inn i handlingsplanen.

Ein ynskjer å sette spesielt fokus på nokre område gjennom planperioden:

2015 – krigsminne

2016 – skulehistorie

2017 - sæterliv

3. Planprosessen – deltararar, medverknad og tidsfristar

3.1. Organisering av planarbeidet

Planarbeidet skal fylge krava til medverknad i planlegging i samsvar med Plan- og bygningslova. Det vil bli annonsert i Fjuken og på kommunen si heimeside. Politisk deltaking i prosessen vil gå føre seg gjennom representantar inn i plannemnda, og gjennom handsaming av planprogrammet og plandokumentet i utval, formannskap og kommunestyre.

Det er sett ned ei breitt samansett plannemnd som skal arbeide med planen.

Plannemnda består av:

Per Lars Lien (leiar)	Miljø- og næringsutvalet
Randi Rust	Kultur- og oppvekstutvalet
Laurits Ørjasæter	Kultur- og oppvekstutvalet
Espen Opsahl	Skjåk Historielag
Inger Kirsten Stagrim	Representant for skulane
Anne Gro Skjåkødegård	Representant for barnehagane
Per Dagsgard	Administrasjonen, Plan, samfunn og beredskap
Susanne Brenna	Administrasjonen, Kultur
Kari Hånsnar	Administrasjonen, Kultur

Det blir og lagt opp til eit breitt samarbeid med dei aktuelle fagmiljøa, blant anna Gudbrandsdalsmusea.

3.2. Tidsplan

Planarbeidet skal som utgangspunkt ha slik framdriftsplan:

Hovudfasar og milepelar	Ansvar	Dato(mnd.år)
Oppstart, Planprogram		
Utarbeiding av forslag til planprogram	PN/ADM	01.15
Vedtak om oppstart av planarbeid og planprogram	RM	02.15
Planprogram på høyring/off. ettersyn fram til	RM	04.15
Vedtak av planprogram	F	05.15
Gjennomføring av planutarbeiding og handsaming		
Utarbeiding av planforslag fram til	PN/ADM	08.15
Vedtak om høyring/off. ettersyn av planforslag	F	09.15
Planutkast på høyring/off ettersyn fram til	RM	11.15
Slutthandsaming	U/F	12.15
Vedtak av kommuneplanen	K	12.15

*PN/ADM – Plannemnd/Administrasjon, RM – Rådmann, U-Utval, F – Formannskap,
K – Kommunestyret*